

Retningslinjer for tildeling av utviklingsstipend innan idrett frå Hordaland fylkeskommune

Føremål

Målet med stipenda er å gje mottakarane høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle idrettsgreina og vere ei stimulans til vidare satsing.

Omfang

Hordaland fylkeskommune tildeler fem utviklingsstipend innan idrett, kvart på 25.000,- Stipenda kan tildelast utøvarar, trenarar, leiarar og dommar frå Hordaland som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan sin idrett . Ein person kan berre motta stipendet ein gong.

Kriteria

Ved tildeling av stipend vil desse kriteria verta lagde vekt på:

- Idrettsprestasjonar ¹
- Potensiale
- Planar for vidare satsing innan idrett
- Aldersgrupper: Utøvarar: 16 – 25 år
Trenarar, leiarar og dommarar: 20 – 35 år

Utøvarar som får toppidrettsstipend frå OLT fell utanfor målgruppa.

Tildeling

Hordaland Idrettskrets/Olympiatoppen Vest-Norge gjev råd ved tildelinga.

Kultur- og ressursutvalet tildeler stipenda etter tilråding frå fylkesrådmannen.

Mottakaren skal innan påfylgjande år gje ein kort skriftleg rapport om korleis stipendet har vore nytta.

Vedteke av Kultur- og ressursutvalet
15.11.07

¹ Når det gjeld idrettsprestasjonar treng det ikkje å vere toppidrettsprestasjonar. Utøvararen bør ha nådd eit godt nasjonalt nivå i sin årsklasse på tildelingstidspunktet. Stipendet vil såleis kunne vere stimulans til å ta steget heilt opp i nasjonalt toppsjikt.